

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG LAURDAG 14. APRIL 2007

Stad: Majorstuen, Evjemoen, kl.1100-1500.

Til stades: 41 direktmedlemer/lokallagsrepresentantar.

Innleiing: Styreleiar Beint Foss ynskte velkomen, og lanserte samstundes ein ide om lokal identitet som det var opp til dei frammøtte å gjere bruk av.

Anders Auen Grimnes var forsongar på Mellom bakkar og berg som heile møtelyden stemde i med. Rita Flottorp gav til gode tradisjonsrik song før Olaf Ingebretsen heldt eit detaljert og godt føredrag om den spede byrjinga til jernbanen. Klokka 12.30 var det middag.

Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Anders Auen Grimnes vart vald til møteleiar med stort bifall.

Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjende med akklamasjon, med eit ynske om at lokallaga får tilsendt innkalling i brev i tillegg til EGDE.

Sak 3 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Årsmeldinga vart godkjend med akklamasjon.

Sak 4 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Borghild Løver la fram rekneskapen, som viste vel 100 000 kroner i underskot i 2006. Møtelyden kom med merknad om at verdien av bøker som ligg på lager bør kome inn i jamvektrekneskapen. Rekneskapen var revidert og funne i orden, jamfør revisjonsmeldinga som låg ved. Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

Sak 5 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Svein Hvidsten (Stokken Historielag) og Signe Rysstad (Vennesla Historielag) ble valde til å skrive under protokollen.

Sak 6 INNKOMNE SAKER

Ingen saker var komne inn til styret, og saka fall bort.

Sak 7 ÅRSKONTINGENT

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for å auke årskontingenten for 2008 frå 220 kr. til 250 kr. Dette vart gjort med stort bifall.

Sak 8 BUDSJETT

Budsjettet vart lagt fram og samrøystes vedteke.

Sak 9 VAL

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Jørdis Hodnemyr (Vennesla), Olav Arne Kleveland (Evje) og Per T. Knudsen (Kr.sand). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Styret i Agder Historielag:

<p>AUST-AGDER</p> <p>På val som nestleiar Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Varamedlem Ikkje på val, 1 år att</p>	<p>DIREKTE MEDL.</p> <p>Anders Auen Grimnes V.Moland+Lill.historielag</p> <p>Else Berit Berge Birkenes Historielag</p>	<p>VEST-AGDER</p> <p>På val som leiar Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Varamedlem Ikkje på val, 1 år att</p>	<p>DIREKTE MEDL.</p> <p>Beint Foss Tveit Historielag</p> <p>Helge Wiig Holum Historielag</p>
<p>AUST-AGDER</p> <p>Styremedlem Attvald for 2 år</p> <p>Varamedlem Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Styremedlem Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Varamedlem</p>	<p>LOKALLAGSMEDL.</p> <p>Hallvard Tveit Valle Sogelag</p> <p>Torhild Austad Bygland Sogelag</p> <p>Sveinung Lien Tvedestrand Historielag</p> <p>Ellen Ledaal Gjertsen</p>	<p>VEST-AGDER</p> <p>Styremedlem Attvald for 2 år</p> <p>Varamedlem Attvald for 2 år</p> <p>Styremedlem Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Varamedlem</p>	<p>LOKALLAGSMEDL.</p> <p>Per Iversen Mandal Historielag</p> <p>Liv Kirsten Rølland Tveit Historielag</p> <p>Ragnhild S. Larsen Flekkefjord Historielag</p> <p>Kari Bruli</p>

Attvald for 2 år

Styremedlem
Attvald for 2 år

Varamedlem
Attvald for 2 år

Arendal Historielag

Jan Arild Andersen
Stokken Historielag

Jan A. Ommundsen
Tromøy Historielag

Attvald for 2 år

Styremedlem
Attvald for 2 år

Varamedlem
Attvald for 2 år

Kvinesdal Historieag

Turid Bjørkenes
Holum Historielag

Olaf Ingebretsen
Vennesla Historielag

Leiar: Beint Foss frå Tveit, attvald for 1 år

Nestleiar: Anders Auen Grimnes frå Lillesand, attvald for 1 år

Revisjon/ettersyn av rekneskap: Fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Kandidat til medlem i landsstyret: Beint Foss

Utsending til årsmøtet i Landslaget:
Vest-Agder: Beint Foss

Valnemnda sine medlemmer vart utnemnde på årsmøtet:
Olav Arne Kleveland (Evje), Per T. Knudsen (Kr.sand), Jørdis Hodnemyr (Vennesla), Ellinor Lundberg (Arendal).

Sak 10: **YMSE**

- Turar vart etterlyst, og ei eiga turnemnd vart utnemnt av styret med godkjenning frå årsmøtet: Olav Arne Kleveland, Grunde Kallhovd, Turid Bjørkenes og Jan Arild Andersen. Nes Jernverk vart framsett som mogleg turmål. Biletredaktøren av det siste bandet i Agdersoga var til stades og fekk stort bifall for den flotte boka.
- Johnny Haugen fekk mykje godord, ros og ei gåve som vert overrekt han seinare av eit samla årsmøte.

«Ja vi elsker» var siste punkt på programmet.

Protokoll signert Svein Hvidsten og Signe Rysstad

Referent: BL